



Gunnar Gullaksen  
Fonnes 71  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5263 - 21/59923

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
10.09.2021

## Landbrukssak Austrheim - GBNR 131/36 - Svar på søknad om landbruksveg

**Administrativt vedtak: Saknr: Austrheim Kommune**

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Austrheim kommune v/landbrukskontoret Gunnar Gullaksen løyve til bygging av omsøkt veg på 131/36 Fonnes.

### Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 30.09.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

### Saka gjeld

Gunnar Gullaksen søkar om bygging av ca 520 meter landbruksveg i vegklasse 7. Vegen skal gje tilkomst til jordbruksareal, skog og vera til nytte for hest.

### VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen vil i denne saka tjena landbruksføremål og er såleis i tråd med forskrifta.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn. Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Uttale frå fylkeskommunen ligg vedlagd.

Representantar frå Austrheim og Alver kommune har vært på synfaring og synast at det er eit godt tiltak.

Ved bygging av vegen er det viktig at ein visar omsyn til naturlandskapsverdiar og landskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, eldre vegfar m.m. Ein bør prøva å unngå inngrep i myr der det er mogleg.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldlova  
Forvaltningslova  
Kulturminnelova  
Offentlegheitslova

### **Privatrettslege tilhøve**

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

**Mottakarar:**

Gunnar Gullaksen

Fonnes 71

5953

FONNES